



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
82/20	Formannskapet	09.06.2020
81/20	Kommunestyret	18.06.2020

Fosnavåg hamn - status og prosjektavklaring

Samandrag:

Herøy kommune har saman med Kystverket arbeida med eit fellesprosjekt for å sikre utdjuing og miljøoppyrdding i Fosnavåg hamn. Den 18. desember 2019 signerte kommunen og Kystverket ein forskoteringsavtale, dette slik at kommunen kan forskotere utgiftene for utdjuing av hamna og etablere eit deponi med nytt landområde i indre hamn.

Kommunen har i prosjektet fått avklart spørsmåla knytt til frådrag for meirverdiavgift for etablering av deponi i indre hamn samt fått avklaringar med grunneigarane i høve etablering av ny kaifront på deponiet. Det gjenstår avklaring knytt til spørsmål om grunneigar kan godta setningstida for deponiet samt om kommunen kan få frådrag for meirverdiavgift for kai som ikkje blir eigd av kommunen.

Kommunestyret 18.06.2020:

Behandling:

Linn Therese H. Sævik (Krf) reiste habilitetsspørsmål. Ho er gift med grunneigar i området og gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn Therese H. Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6, 1. ledd bokstav c. Varamedlem Ronny Johnny Olsen tar plass.

Richard K. Gjerde (KrF) reiste habilitetsspørsmål. Han er medeigar i eit båtlag som har gitt uttale til saka og gjekk frå under handsaming av habilitet. Richard K. Gjerde vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. § 6, 2. ledd. Ingen vara møtte.

Kommunalsjef samfunnsutvikling/ass.rådmann Andreas Chr. Nørve orienterte.

Solveig Helen N. Båtsvik (FrP) kom i møte kl 17.25.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

K- 81/20 Vedtak:

Herøy kommune arbeidar vidare med prosjektet med utdjuing og miljøoppyrdding av Fosnavåg hamn.

Saka blir lagt fram til ny politisk handsaming i kommunestyremøte i august.

Formannskapet 09.06.2020:

Behandling:

Linn Therese H. Sævik reiste habilitetsspørsmål. Ho er gift med grunneigar i området og gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn Therese H. Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6 1. ledd bokstav c. Varamedlem Frank Roy Moltu tar plass.

Kommunalsjef samfunnsutvikling/ass.rådmann Andreas Chr. Nørve orienterte.

Varamedlem Kjell Runde fekk permisjon kl 15.25 og gjekk frå møte før vedtak i saka. Medlem Camilla Storøy tok plass.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

F- 82/20 Vedtak:

Herøy kommune arbeidar vidare med prosjektet med utdjuping og miljøopprydding av Fosnavåg hamn.

Saka blir lagt fram til ny politisk handsaming i kommunestyremøte i august.

Rådmannen si tilråding:

Herøy kommune arbeidar vidare med prosjektet med utdjuping og miljøopprydding av Fosnavåg hamn.

Saka blir lagt fram til ny politisk handsaming i kommunestyremøte i august.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2020 - 82/20

Herøy kommune arbeidar vidare med prosjektet med utdjuping og miljøopprydding av Fosnavåg hamn.

Saka blir lagt fram til ny politisk handsaming i kommunestyremøte i august.

Vedlegg:

Tiltaksplan Rambøl 2013

Tiltaksplan Rambøl 2015

Kommunestyresaka Fosnavåg hamn 310119

Revidert kostnadsoverslag Fosnavåg fiskerihavn 081119

Fosnavåg hamn - kommunal forskotering 191119

Signert avtale om forskottering av prosjekt Fosnavåg fiskerihavn 181219

Bindende forhåndsuttalelse – Merverdiavgiftsrettslige forhold ved utbedring av Fosnavåg fiskerihavn i Herøy kommune 220420

Forprosjekt 2018

Søknad om forskoteringsordninga 27. april 2018

Saksopplysningar:

Saka knytt til Fosnavåg hamn er eit delt prosjekt, som er knytt til Kystverket sitt prosjekt om utdjuving av Fosnavåg hamn samt kommunen sitt ønskje om miljøopprydding i hamneområde. Formannskapet handsama saka i møte den 14. mai 2013, og gjorde slikt vedtak:

«Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeidd med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.»

Kystverket sitt tiltak om utdjuving av Fosnavåg hamn har lagt inne i Nasjonal Transportplan (NTP) i fleire periodar, men har blitt forskjøvet. Tiltaket var i førre NTP planlagt oppstart i 2017, men forprosjektet vart sterkt forseinka. Fosnavåg hamn ligg no inne i NTP for perioden 2024-29.

Fiskerihamnar skulle i samband med regionreforma overførast til fylkeskommunane frå 1. januar 2020, og for å sikre ei gjennomføring av tiltaka i NTP knytt til fiskerihamnar etablerte departementet ei forskoteringsordning, som skulle sikre at kommunen kunne gjennomføre prosjektet på vegner at Kystverket.

Herøy kommune søkte med bakgrunn i denne ordninga om forskotering av utdjuving av Fosnavåg hamn den 27. april 2018, men søknaden vart avslått. Det vart likevel arbeida vidare politisk, og frå arbeidsgruppa i Herøy, opp mot statsbudsjettforhandlingane for 2019, og den 12. juni 2019 fekk Herøy kommune lovnad om forskotering.

Kommunen sendte den 21. august 2019 ein førespurnad til departementet om framdrift i saka. Kommunen vart deretter kontakta av Kystverket den 24. september 2019, der kommunen fekk i oppdrag å oppdatere kostnadsoverslaget frå 2018 opp i mot det som var lagt inn i Nasjonal Transportplan. Avtale om forskotering var med bakgrunn i dette lagt fram for politisk handsaming, og kommunen tok i avtale følgjande atterhald i kommunestyrevedtak den 19. november 2019:

«Herøy kommune kan tre ut av avtalen såfremt det ikke foreligger forpliktende grunnervervsavtaler med aktuelle grunneiere som berøres på et nivå som kommunen finner riktig, og momskompensasjon er en forutsetning. Frist for slike avklaringer er satt til 1. juli 2020.»

Alle dei seks kommunane som hadde fått lovnad på forskotering hadde teke momskompensasjonsspørsmålet opp med departementet. Departementet gav følgjande svar til alle kommunane den 13. desember 2019:

«Merverdiavgiftskompensasjon bygger på egenfastsetting, noe som innebærer

at kommunene selv må kreve kompensasjon i skattemelding til skatteetaten. Dersom kommunene ønsker Skatteetatens synspunkt på en planlagt disposisjon, kan kommune be bindende forhåndsuttalelse.»

Momskompensasjon utgjør ein ekstrakostnad på meir enn kr 30 million for prosjektet i Fosnavåg hamn, og det var difor viktig å avklare dette spørsmålet i forkant. Herøy kommune hadde møte med skatteadvokatar i PwC den 18. desember 2019, og oppmoding om ein bindande førehandsuttale var sendt Skatteetaten den 6. mars 2020.

Den 20. april 2020 fekk kommunen ein bindande førehandsuttale frå Skatteetaten, der det var gjeve frådrag for meirverdiavgift i prosjektet, mot at kommunen fakturererte departementet med meirverdiavgift. Skatteadvokatane har i korrespondanse med Kystverket prøvd å avklare korleis dette er å forstå, seinast med brev til Kystverket den 26. mai 2020. Kommunen trur at det blir å finne ei løysing på dette spørsmålet og ser på dette som avklart.

Kommunen hadde vidare lagt til grunn at vi måtte eige kaifronten for å få frådrag for meirverdiavgift, og hadde difor teke opp igjen dialogen i høve grunneigaravklaringane som kommunen hadde med grunneigarane i 2016 – vi har hatt følgjande grunneigarmøte:

02.10.19	Fosnavaag Pelagic AS
03.12.19	Grunneigarar i indre hamn
02.03.20	Grunneigarar i indre hamn

Vi har seks grunneigarar i indre hamn og følgjande tre grunneigarar blir direkte knytt til sjølve kaifronten:

Herøy båtlag	gnr. 33 bnr. 135
Gerh Voldnes AS	gnr. 33 bnr. 5
Fosnavaag Pelagic AS	gnr. 34 bnr. 456, 44, 35, 48 og gnr. 33 bnr. 6

I tillegg må kommunen løyse inn tre private nausteigedomar med gnr. 34 bnr. 510; gnr. 34 bnr. 481 og gnr. 34 bnr. 491.

I 2016 var det gjennom grunneigarmøte gjort avtalar med dei fleste grunneigarane, og det var skissert løysing for finansiering av ny kaifront – dette ved offentlig finansiering gjennom tilskot og kommunalt bidrag, men med tilbakekjøpsavtale frå verksemdene. Vi forstår det slik at den økonomiske situasjonen for verksemdene har endra seg, og i tillegg så eksisterer ikkje tilskotsordning til finansiering av kai – vi syner her til svar frå Kystverket av 27. mai 2020 på vårt spørsmål knytt til dette:

«Vi hadde tidlegare en tilskuddsordning kalt post 60. Dette var tilskudd med opptil 50% statlig finansiering av kommunale fiskerihavnetiltak.

Denne ordninga forsvant med overføringen av fiskerihavner til fylkeskommunene. Det er ikke opprettholdt en tilskuddsordning for kommuner i fylkeskommuner som ikke har gått inn i avtale om å ta over fiskerihavnene.

En slik tilskuddsordning vil være opp til hver enkelt fylkeskommune å opprette/håndtere.»

Med bakgrunn i at den faktiske og økonomiske situasjonen har endra seg frå 2016, må kommunen sjå på alternative løysingar for å få til utdjuving og miljøopprydding i indre

hamn. Kommunen har avklart med Herøy Båtlag og Gerh Voldnes AS at dei vil selje nødvendig areal med bakgrunn i takst Herøy båtlag har innhenta i 2020. Dette utgjør til saman om lag kr 14,5 million pluss omkostningar. I tillegg blir det lagt til grunn at nausteigarane sine krav – med indeksregulering – utgjør kr 3.826.000 pluss omkostningar.

Kommunen forstår det vidare slik at Fosnavaag Pelagic AS ikkje vil selje kaifronten og vil ha eigarskap til deponiområde. Dersom kommunen skal eige kaifronten, så vil Fosnavaag Pelagic AS ha einerett til bruken av kaia. Med bakgrunn i tilbakemeldingane frå Fosnavaag Pelagic, AS, så har kommunen difor teke opp spørsmålet med Skatteetaten om at det er ein føresetnad at kommunen har eigarskap til kaifronten for at kommunen skal få frådrag for meirverdiavgift. I tillegg vil vi få avklart om vi kan nytte investeringsmidlar til område som vi ikkje har eigarskap til.

Bygging av kaia i forkant av deponiet er stipulert til kr 10.000.000 i tidlegare kostnadsoverslag og må tilleggast kr 1.000.000 til forsterkning av indre almenningsskai som alternativ kai til levering av fisk til Fosnavaag Pelagic AS i anleggsperioden. Fosnavaag Pelagic AS har også stilt spørsmål ved tilkomst i anleggsperioden. Vi har gjennom siv.ing Bjørn Nes i notat av 28. februar 2020 fått avklart:

«Slik vi kjenner den pelagiske industrien så er det av helt essensiell viktighet å ikke hindre driften(hovedsakelig tilgang på råstoff til produksjonen).

Det er mulig å tilrettelegge for nokså kontinuerlig drift av Fosnavåg Pelagic under de planlagte arbeidene men ikke uten å påføre prosjektet noe merkostnader samt muligens noe forlenget utførelsestid.»

Løysing med å leggje til rette for drift i anleggsperioden var drøfta i møte med Fosnavaag Pelagic AS i møte 2. mars 2020, der òg siv.ing. Bjørn Nes var tilstade, og der verksemda peiker på at:

«Produksjonen har òg berre ei kortare tids pause under sommaren, og elles fult kjør, noko som kan føre til logistikkproblem ved utbygging. Når det er sagt trur dei at dette kan jobbast rundt, og ein fortsatt drifte ved bruk av dei midlertidlege tiltak som er nemnt. Båtane kan òg fortsatt ha plass om dei bakkar seg inn til kaia.»

Kommunen har deretter hatt kontakt med Søre Sunnmøre Fiskarlag opp i mot alternativet med å bakke seg til kai i anleggsperioden, og vi har fått følgjande tilbakemelding frå fiskarlaget den 19. mai 2020:

«Viser til tlf samtale ang Fosnavåg Hamn og mulig løysing på å kunne levere til Fosnavåg Pelagic under arbeid med mudring

Søre Sunnmøre Fiskarlag ser det som ei god moglegheit å kunne gjennomføre manøvrering på havna under mudring under visse forutsetningar der blant anna det må oppmerkast moglig området der båtane kan snu og bakke seg inn til mottaket.

Søre Sunnmøre Fiskarlag ser gjerne å kunne ha ein god dialog med kommunen slik att planar om korleis dette kan gjennomføres blir best moglig tilrettelagt for brukarane/fartøya»

For å sikre drift ved Fosnavaag Pelagic AS i anleggsperioden, med etablering av deponi med kaifront i indre hamn, så vil kommunen i anbodspapira spesifisere og

skildre at det er eit klart krav om drift ved anlegget ved gjennomføring av arbeidet, og at kostnader med dette skal være inkludert i totalsummen. Det er sjølvstendig viktig at både Fosnavaag Pelagic AS og Søre Sunnmøre Fiskarlag deltek i drøftingane i høve til desse spesifikasjonane før anbudsutlysning.

Fosnavaag Pelagic AS har vidare reist spørsmål ved om usikkerheit rundt setningstida for deponimassa, og kommunen siterer frå brev av 12. mai 2020:

«Vi ble forespeilet at massen kunne trenge 2-4 år med setningstid og en setningsgrad som kunne variere fra 1-4 meter. Hele deponimassen ble beskrevet som en «levende-bløt» masse som det knyttet seg stor usikkerhet rundt. Vi ba om at det måtte avklares / dokumenteres en mer spesifikk tidsperiode for setningstid og setningsgrad før vi kunne ta en endelig stilling til prosjektet.»

Med bakgrunn i dette spørsmålet, så har kommunen bedt Multiconsult AS om å sjå på dette med setningstida og kva tiltak vi må gjere for å eventuelt redusere denne setningstida. Kommunen legg til grunn at det er mogleg å redusere setningstida og vil ta ein ny dialog med Fosnavaag Pelagic AS når svaret frå Multiconsult AS ligg føre.

Under føresetnad av at kommunen kan løyse utfordringar med setningstida for deponimassa, samt får nødvendige avklaringar i høve meirverdispørsmålet på kaifront vi ikkje sjølv skal eige, så er det utdjupeing og miljøoppydding i Fosnavåg hamn eit reint kostnadsspørsmål. Med bakgrunn i utgreiing av saka, så har vi følgjande kostnader til dette prosjektet:

Kostnadsoverslag for utdjupeing (oppdatert)	kr 108.500.000
+ miljøoppydding «slippen» (indeksregulert)	kr 2.200.000
+ grunnkjøp kaifront indre hamn (ny takst)	kr 14.500.000
+ grunnkjøp nausteigedomar (indeksregulert)	kr 3.800.000
+ bygging av ny kaifront (oppdatert)	kr 11.000.000
=Totalt før prisstigning og finans	kr 140.000.000
+ prisstigning med 2,5 % (2021-2026)	kr 17.500.000
+ finanskostnad 0,81 % (2022-2026)	kr 4.536.000
=Totalt før refusjonar	kr 162.036.000
- forskotering frå departementet (2026)	kr 108.500.000
- prosjektmidlar frå Miljødirektoratet (2026)	kr 2.200.000
=kommunen sin eigendel	kr 51.336.000

I tillegg kjem eventuelle tiltak som er nødvendig for å redusere setningstida for deponiet.

Det er her lagt til grunn at kommunen vil få refundert kostnadane i samsvar med forskoteringsavtale i 2026, samt at kommunen får prosjektmidlar frå Miljødirektoratet tilsvarande heile kostnaden for miljøoppydding ved «Slippen». Etter dialog med økonomileiaren har rådmannen lagt til grunn 0,5 % lågare prisstigning og 1,7 % lågare rente enn i kommunestyresaka frå 19. november 2019 – dette med bakgrunn i endringar i den økonomiske situasjonen på grunn av korona-krisa.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen syner til at det ligg føre eit oppdatert kostnadsoverslag frå Multiconsult AS over utdjupeing av Fosnavåg hamn, innhenta før avtalen med staten var inngått den 18. desember 2019. Rådmannen legg vidare til grunn at spørsmålet om frådrag for meirverdiavgift vil finne si løysing. Likeså når det gjeld å redusere

setningstida på deponimassa til eit akseptabelt nivå. Det som står at er kostnadsspørsmålet og kommunen sin eigendel.

Dersom kommunestyret ikkje vil gå vidare med utdjuping og miljøopprydding av Fosnavåg hamn, så er det eit spørsmål om kommunen kan sprengje vekk nokre «nabba» i hamneområde. Dersom vi legg til grunn at den som er ansvarleg for fiskerihamna godkjenner eit slikt tiltak – noko som vil vere enten Kystverket eller fylkeskommunen – så blir truleg spørsmålet om vi får løyve til dette utan å ta miljøopprydding samtidig.

Rådmannen tilrår at kommune arbeidar vidare med saka og legg fram saka på ny til behandling for kommunestyret i august – samtidig med at reguleringsplanen skal godkjennast.

I utgangspunktet var det sett frist til avklaring i høve grunneigarane og meirverdiavgift til den 1. juli 2020, men Kystverket har i dialog med kommunen den 2. juni 2020 gitt fristutsetting og vi siterer:

«Jeg viser til brev fra Kystverket til Herøy kommune sendt 27.11.2019 om avklaring vedrørende fremdrift i prosjektet (vår ref 2018/631-51).

Vi registrerer at det trengs mer tid for å få på plass avklaringer knyttet til realisering av prosjektet. Kystverket ser ingen problemer med at fristen for grunneieravklaringer og merverdiavgiftsspørsmålet utsettes til august, samtidig med endelig godkjenning av reguleringsplanen i kommunestyremøtet, såfremt dette ikke forsinker fysisk oppstart av prosjektet iht. avtalen.

Jeg har fått opplyst at dato for kommunestyremøtet er satt til 27. august 2020.»

Dersom kommunestyret ønskjer å utsetje det endelege vedtaket i saka, så kan kommunen gjere dette utan å bryte forskoteringsavtalen.

Dersom kommunestyret ikkje vil gå vidare med prosjektet om utdjuping av Fosnavåg hamn i sitt møte i august – så er det berre å leggje bort saka om reguleringsplanen. Dette gjerast ved at saka om utdjuping av Fosnavåg hamn kjem før saka om endeleg godkjenning av reguleringsplanen for same område.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Andreas Christian Nørve
ass.rådmann/kommunalsjef